

Statens vegvesen

Notat

Til: Gun-Mari Ødegård
Frå: Geofag DoV v/Jens Tveit
Kopi:

Oppdrag:	Oppdatert vurdering av sikring for reguleringsplan		
Oppdragsgivar:	Plan og utbygging vest 1 v/Gun-Mari Ødegård	Dato:	10.02.2023
Planfase:	Planlegging	Geot. kategori:	
Kommune:	Stad	Vegnr.: E39	Dok-nr.: C15746-SKRED-01
UTM XX ref:	EUREF 89	S: 5	D: 1 Km: 3,930
Utarbeid av:	Jens Tveit	Kontrollert av:	Dag Theodor R Andreassen

E39 Skredestranda – Oppdatert vurdering av sikring for reguleringsplan

Innleiing

Det har vore utarbeidd fleire notat og rapportar etter skredhendingar ved Skredestranda. I 2016 vart det levert ein rapport med vurdering av ulike alternativ for skredsikring. I 2022/23 har det det blitt arbeidd med reguleringsplan for sikring. Dette notatet beskriv endringar i skredvurderingar sidan 2016.

Situasjon

Terrenget på Skredestranda endra seg mykje når det store jordskredet gjekk i 2013. Sidan har det vore fleire skred som har gått over vegen. I 2016 vart det utarbeidd ein rapport der ulike metodar for sikring på staden vart vurdert (30137-GEOL-1). Alternativ for skredsikring var i hovudsak bru med skred under og magasin. Ei løysing med vollar var tidlegare vurdert ved det store jordskredområdet (Sveis 2010008304).

Tiltaka i rapporten av 2016 var vurdert reint sikringstekniske og det var ikkje organisert som eit forprosjekt der massebalanse var ein del av vurderinga.


I 2022 dukka det opp ein moglegheit for at tunnelmassar frå oppgradering av tunnelane ved Skredestranda og Kjøshammartunnelen kunne bli nytta for sikring ved Skredestranda. Då vart det satt i gong eit arbeid for vurdering av skredvollar i kombinasjon med bru og magasin. Det er uvisse om det faktisk vil vere mogleg å nytte tunnelmasse, men utgraving og sprenging av magasin vil generere masse som også kan nyttast i skredvollar. Det vil vere mogleg å skalere omfanget av skredvollar opp eller ned alt etter kor mykje masse som er ønskeleg å plassere i området. Oversikt over området og alternativ for sikring er vist i figur 1.

Sidan rapporten vart skriva i 2016 har det vore utført endringar i vegreferansar. Vidare i dette notatet er kvar enkelt lokalitet beskrive med gjeldande vegreferanse.


Lokalitetar for sikring

Her er dei ulike lokalitetane beskrive etter inndelinga i rapporten frå 2016. Original kilometrering er vist i overskrifta, medan oppdatert kilometrering er vist etterpå.

1. *Skredpunkt ved Km 12,554 (Ev39 S45D1 Km 2,960) Sætregjølet*
Ved Sætregjølet var det berre eit forslag til sikring i 2016 – bru med skred under. Det er utført meir detaljert planlegging av brua, og teikning av brua oppstraums er vist i figur 2.
2. *Skredpunkt ved Km 12,745 (Ev39 S45D1 Km 2,769) Skafjellgjølet*
Ved Skafjellgjølet var det tilrådd sikring med magasin i 2016. Dette er planlagt etter beskrivinga i rapporten.
3. *Skredpunkt ved Km 12,821 (Ev39 S45D1 Km 2,693) Gildremyra*
Ved dette punktet var det beskrive ei bruløysing eller magasin i 2016. Dette punktet er eigna til å sikre med voll. Vollen er planlagt som ein leievoll som skal føre skredmassar inn til magasinet i Skafjellgjølet. Vollen er planlagt med høgde på minimum 4 meter, ekstra bratt støtside i området der skredmassane har størst avbøying og minimum 3 meter brei skredkanal.
4. *Skredpunkt ved Km 12,915 (Ev39 S45D1 Km 2,599) Kolefonna*
Ved dette punktet var det beskrive ei bruløysing eller magasin i 2016. Det er planlagt sikring med magasin som beskrive i rapporten av 2016.
5. *Skredpunkt ved Km 13,004 (Ev39 S45D1 Km 2,510) Hesteflata*
Ved dette punktet var det beskrive magasin som sikring i 2016. Dette punktet er godt eigna til å sikre med voll. No er det teikna inn forslag om sikring med leievoll som fører skredmassane til magasinet ved Kolefonna. Vollen er planlagt på same måte som for Gildremyra.
6. *Skredpunkt ved Km 13,158, Km 13,226 og Km 13,301 (Ev38 S45D1 Km 2,356, Km 2,288 og Km 2,213) Stort jordskredområde*
Ved det store jordskredområdet var det tilrådd ulike alternativ. Voll er beskrive i notat med Sveisnummer 2010008304. Alternativ med voll krev mykje massar grunna stort omfang. I arbeidet med reguleringsplan har det vore viktig å vise alternativ der ein kan ta imot ein god del massar ved Skredestranda. Det er laga forslag til både plogvoll og stoppvoll nede ved vegen. Desse vollane er primært tenkt til å stoppe skredmassar som følgjer løpa eller mindre hendingar som er vurdert til å vere normale i området.



Figur 1 - Skisse av nye tiltak oppdatert september 2022. Ny kilometrering markert i figur



Figur 2 - Skisse av bru ved Sætrejølet